



## Gode Lionsvenner i 104C

### Månadsbrev januar 2021

Så kom vinteren til Vestlandet. Til glede for mange, men for ein frysepinn som meg så må eg berre sitera Ivar Aasen i diktet "Nordmannen" - meir kjent som "Mellom bakkar og berg"

**"Fram på vetteren stundom han tenkte: Gjev eg var i eit varmare land".**

Det kan me berre drøyma om i desse tider. Men draumen kan ingen ta frå oss.

### Klubb og sone

Januar har vore ein stille månad i dei fleste klubbane. Det har vore strenge smitteverntiltak som har sett ein stoppar for at me kan møtast slik me alltid har gjort. Utan å bli skulda for å vera pessimistisk så trur eg dette vil vara ei stund til. Utfordringane med å driva klubbane no i denne tida er mange. Det er fint om styra i klubbane held kontakten med medlemmene med å senda ut informasjon og kanskje få til eit møte på web, gjerne kombinert med 10 medlemmer som kan møte fysisk. Det går også an å møtast ute, for eksempel rundt ei bålpanne, for å grilla pølser. Eller kva med ein felles tur. Kaffi og Kvikk Lunsj er aldri feil. Me må ikkje gløyma at det sosiale er svært viktig for mange av medlemmene våre. Her er det berre å vera kreativ innafor smittevernreglane. **Sjå etter kva som er mogeleg ikkje avgrensingane.** Alle medlemmene har eit ansvar for kvarandre og klubben i denne utfordrande tida.

Det som er gledeleg er at mange sonar har hatt eller skal ha sonemøte. Enten på web eller eit møte innafor reglane. Fyldige og gode referat viser at engasjementet er der, tross alt.

### Distriktet

Eg har tidlegare skive om den nye **kampanjenettsida** som Distriktet skal lansera for å nå ut til potensielle nye medlemmer. Sida er under arbeid og så langt ser dette veldig bra ut. Har klubben din gode prosjekt eller aktivitetar som kan vekkja interesse hos potensielle nye medlemmer i Lions, send nokre ord om dette og gjerne nokre bilete til GMT Jarle Rognstad. Gler meg veldig til å sjå det ferdige produktet, og om det gjev dei resultata me håpar på.

**Web- klubben** aukar i medlemstal og det er eit stort engasjement blant medlemmene. Klubben er med i sone 3, men er ein klubb for heile Distriktet. Anbefal gjerne web-klubben dersom det er medlemmer som ikkje finn seg heilt til rettes i eigen klubb og vurderer å melda seg ut. Grunnane kan vera mange. Kanskje det er nettopp du som går med slike tankar. Ta gjerne kontakt med GMT Jarle Rognstad, jarle.rognstad@gmail.com, eller presidenten i klubben, Stine King, stine-ki@online.no, for meir informasjon.

**Distriktet vårt skal bli det beste på rapportering av aktiviteter**, men i skrivande stund ligg me på plass tre av fem. Ingen auke sidan sist, så det er framleis berre 18 av 73 klubbar som har starta rapportering. Me har ein lang veg å gå, men me skal klara det. Ta kontakt med opplæringsansvarleg i Distriktet GLT Terje Berge, [terjelberge@gmail.com](mailto:terjelberge@gmail.com), eller GST Odd Konrad Dale, [oddkonraddale@gmail.com](mailto:oddkonraddale@gmail.com), dersom det skulle vera spørsmål om dette, eller om du har problem med innlogginga på den internasjonale sida [Home page | Lions Clubs International](#) . Der er det mykje anna nyttig informasjon også.

**Distriktsmøte 2021** nærmar seg med stormskritt. Datoen er sett til 17.april. Distriktsmøtet er planlagt gjennomført på Quality Hotel Edvard Grieg, ikkje langt frå Flesland. På grunn av Covid-19 så er det sjølv sagt ein del usikkerheit rundt arrangementet. Me er optimistar og planlegg møtet som om at det blir eit fysisk møte og påmelding vil bli sendt ut om ikkje så altfor lenge. Parallelt blir det jobba med eit Web-alternativ. Det som er sikkert, er at det blir distriktsmøte, i ei eller anna form.

### **Lions sentralt**

Distriktet sin IRC ( ansvarleg for utanlandsaktivitetane), **Lars Tvetter** har overteke som IR - koordinator i Lions Norge etter Annette Pemmer. Annette er som kjent begynt i stillinga som utanlandssjef og dagleg leiar i LAN ( Lions Aid Norway) frå 1. januar. Me ønskjer Lars lykke til med nye utfordringar som MD-IRC, og det same til Annette i den nye jobben.

[Møt den nye utanlandssjefen! \(lions.no\)](#)

**Det blir Lions Tulipanaksjon 24. april 2021.** Målet er å omsetja totalt 1 million tulipanar til saman. Det trur eg me får til. På grunn av pandemien er det viktig at me gjer eit grundig forarbeid. Det er sendt ut skriv frå Lions Norge til alle klubbane. Der finn ein også bestillingsskjema. Meir informasjon om aksjonen finn du på medlemsportalen vår Gnist. Som medlem er det viktig at du stiller på stand denne dagen og er synleg i nærmiljøet ditt. Inntektene til tulipanfondet er avgjerande for aktiviteten til."Det er mitt valg". Planlegg dette godt og bestill rikeleg med tulipanar.

For hugs at: **"Det er bedre å bygge barn enn å reparere voksne"**

I månadsbrevet for desember skreiv eg litt om **" De glemte barna"** og oppfordra både klubbar og medlemmer til å støtta denne aktiviteten. Lions Norge har forplikta seg til å driva senteret ut dette fiskalåret og i skrivande stund treng me omlag kr 500.000 for å kunna halda det me har forplikta oss til. Det vil bli sendt ut "0-faktura" til klubbane slik at dei kan bestemma beløpet sjølv. **Kontonummeret er 9001.23.04241** om det er private som vil bidra. Merk innbetaling: "De glemte barna". Hugs at **"mange bekkar små gjer ei stor å"**

Les meir med å følgja denne lenka. [Støtt "De glemte barna" i Libanon \(lions.no\)](#)

### **Lions Norge Katastrofefond**

Fondet har vore brukt fleire gongar i år. Blant anna ved eksplosjonen i Beirut, jordskjelvet i Kroatia men også som hjelp til familiar i spesielle kriser. Den største krisa ein familie kan oppleve er at kjære familiemedlemmer, hus og heim blir borte. Dette opplevde mange familiar i Gjerdrum då det store leirskredet tok 10 liv og mange heimar vart øydelagde. Responsen frå Lionsmedlemmer let ikkje venta på seg.

Eg fekk raskt fleire spørsmål frå klubbar og Lionsmedlemmer i Distriktet vårt om korleis dei kunne hjelpa. LC Gjerdrum har etablert kontakt med kommunen som har bedt om konkret hjelp. Klubbar og sonar i området har stilt opp med pengar. Heldigvis så har dei aller fleste gode forsikringsordningar i landet vårt. Blir det behov for meir hjelp frå Lions, vil me kunna nytta katastrofefondet vårt. For å kunna bidra med øyeblikkeleg hjelp ved katastrofar, enten det er her heime eller i andre land, er det viktig at me har "pengar på bok". Her vil det også bli sendt ut "0-faktura" til klubbane slik at ein kan bidra ekstra etter evne. **Kontonummeret til Lions Norge Katastrofefond er 9001.23.04381.** Medlemmer må gjerne bidra. Me er flinke å støtta andre hjelpeorganisasjonar. Kvifor ikkje støtta vår eigen? Me veit ikkje kven eller kor hen katastrofen rammar neste gong. Om den er liten eller stor i omfang. For den det gjeld, er hjelpa kjærkomen i ei vanskeleg tid. Då er det godt å veta at Lions er der og kan bidra. Takk så lenge.

### **Campaign 100**

Minner også om LCIF ( Lions Club International Foundation) og kor viktig det er at alle støttar opp om dette fondet som hjelper folk over heile verda. Ein fin måte å gjera det på er å dela ut Melvin Jones Fellowship. Utmerkinga kan ein gje til Lionsmedlemmer eller andre personar som Lions ønskjer å heidra. **Ein Melvin Jones Fellowship kostar 1000 USD og pengane går rett til LCIF.**

### **Til slutt**

Eg er så takknemleg for at eg bur i verdas beste land. Materielt har dei fleste hos oss det meste. Det som ofte kan vera ei mangelvare er at nokon bryr seg. Hugs at omtanke for våre medmenneske betyr mykje og det kostar ingen ting anna enn litt av tida vår. Ta vare på deg sjølv og alle rundt deg. Dette blir bra til slutt.



Så vil eg avslutta månadsbrevet med nokre kloke ord frå vår høge beskyttar, **Kong Harald V.** Han har eit stort og varmt hjarte for alle dei som har det vanskeleg. Gode kongen vår.

**Beste Lionshelsing frå  
Gunnhild Rein Almås  
Distriktsguvernør 104C 2020-2021  
Telefon 90 79 67 47  
c.dg@lions.no**